

Forskrift om vern av Tokkeåi naturreservat, Tokke og Vinje kommunar, Telemark

Dato FOR-2014-12-12-1647

Publisert II 2014 hefte 5

Ikraftttredelse 12.12.2014

Sist endret

Endrer

Gjelder for Tokke og Vinje kommunar, Telemark

Hjemmel LOV-2009-06-19-100-§34, LOV-2009-06-19-100-§37, LOV-2009-06-19-100-§62

Kunngjort 16.12.2014 kl. 16.00

Rettet

Korttittel Forskrift om vern av Tokkeåi naturreservat

Heimel: Fastsett ved kgl.res. 12. desember 2014 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og Miljødepartementet.

§ 1.(føremål)

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit særmerkt skogområde med stor variasjon av element som er viktige for det biologiske mangfaldet, i form av eit stort samanhengande kløftesystem med variert topografi og sjeldne naturtypar som fuktige bergveggar og skogmiljø på rasmark, lavrik lauvskog med regnskogpreg og grunnlendte førekomstar av kalkbarskog.

Området har ein særskilt pedagogisk og naturvitskapleg verdi som eit av dei største registrerte kløftesystema i Noreg, med uvanleg velutvikla neverlavsamfunn og rike samfunn av mikrolav på alm, og med mange sjeldne og truga artar. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt utvikle dei vidare.

§ 2.(geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Tokke kommune: 25/1, 25/3, 26/2, 39/1, 39/3, 39/10, 40/1, 40/2, 40/4, 41/2, 41/3, 41/4, 41/5, 41/6, 42/2, 42/3, 43/6, 43/9, 43/16. Vinje kommune: 2/1, 3/1, 12/1.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 3564 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:40 000 datert Klima- og miljødepartementet desember 2014. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Tokke og Vinje kommunar, hos Fylkesmannen i Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3.(vernereglar)

I naturreservatet må ingen foreta seg noko som vil skade verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrelegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

§ 4.(generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Vedlikehald av eksisterande vegar, anlegg og innretningar slik tilstanden var på vernetidspunktet.
- g) Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller ved ein har med seg, i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Drift, vedlikehald og naudsynt istandsetjing ved akutt utfall på eksisterande energi- og

kraftanlegg.

i) Oppgradering/fornyning av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.

j) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.

§ 5.(regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og taka omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

a) Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.

b) Utanfor etablerte vegar/stigar er bruk av sykkel, hest og kjerre og riding forbode.

§ 6.(generelle unntak frå ferdselsreglane)

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er fastsett av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Reglane om ferdsel i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.

b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget.

c) Naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Det skal sendast melding til forvaltingsstyresmakta etter at transporten er gjort.

d) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7.(unntak det kan gjevast løyve til)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.

b) Utsetting av saltsteinar for bufe og hjortevilt.

c) Oppgradering/fornyning av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.

- d) Gjenreising av anlegg og innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- e) Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdselsveggar.
- f) Etablering av nye stigar og anna enkel tilrettelegging for friluftsliv, så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.
- g) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- h) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- i) Mellombels gjerding i samband med beiting.
- j) Øvingskøyering for føremål nemnt i § 6 første ledd.
- k) Naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg, og oppgradering og fornying av kraftleidningar.
- l) Uttransport av felt elg og hjort med anna kjørety enn lett beltekjørety som nemnt i § 6 andre ledd b.
- m) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 f og § 7 a, b, d og i.

§ 8.(*generelle dispensasjonsreglar*)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9.(*skjøtsel*)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10.(*forvaltingsplan*)

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmare retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11.(*forvaltingsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12.(*iverksetjing*)

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.